



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/21	Plan- og eigedomsutval	31.05.2021

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
21/12 - 21/3960	K2-K40, K1-223	Øi Knut Fredrik 57641200	24.05.2021

### **Søknad om godkjenning av bestandsplan for hjort i Aurland kommune 2021-2023 - samt konkretisering av fellingsmål for sesongen 2021/22**

#### **Saka gjeld:**

Aurland bestandsplanområde for hjort søker om ny bestandsplan for perioden 2021-2023. Målet i planen er ein framleis reduksjon i bestanden, grunna omsyn til skrantesjukeproblematikken. Miljødirektoratet og Mattilsynet har bedt alle kommunar kring Nordfjella og Hardangervidda om å leggja til rette for ein låg tettleik av hjort og elg. Låg tettleik vert definert som eitt hjortevilt pr km<sup>2</sup>. For å nå dette målet må bestanden i Aurland reduserast ytterlegare.

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Aurland kommune vil jobba for ein låg bestandstettleik av hjort og elg, i tråd med oppfordringa frå Miljødirektoratet og Mattilsynet.

I medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16* godkjenner Aurland kommune omsøkt bestandsplan på vilkår.

#### Vilkår:

- Fellingsmålet er 250 hjort i 2021/22. Fellingsmål for 2022/23 og 2023/24 må konkretiseres i forkant av kvar jakt sesong.
- Aurland kommune søker om dispensasjon frå Miljødirektoratet på følgjande:
  - Alle fellingsløyva er fri på kjønn og kategori i planperioden.
  - Det er fri kvote på kalv i heile planperioden
  - Jakttida er utvida frå 15. august-31. august og 1. januar – 31. januar i heile planperioden

- Om ikkje søknadane om dispensasjon vert innvilga, vil Aurland kommune avvika minstearealet for alle valda i kommunen med 50% slik at teljande areal også for valda som ikkje grenser til Nordfjella sone 1 vert sett til 500 daa i planperioden.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlovas §§ 8-12.

### **Saksframlegg**

Aurland kommune skal, jamfør *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3*, definera overordna mål for bestandane av hjort og elg. Dette vart gjort i 2011, og målet lyder: "*Årdal, Lærdal og Aurland har som mål å ha ein bestand av hjortevilt som er tilpassa naturleg næringstilgong, har god kondisjon og som skal føra til minimal skade på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta*".

Etter at skrantesjuke vart påvist på villrein i Nordfjella i 2016, har kommunale vedtak i Aurland hatt stort fokus på følgja opp dei tiltaka som har vore anbefalt frå statlege instansar. Administrasjonen har jobba saman med grunneigarsida for å identifisera verkemiddel for å auka fellingane. Innleiingsvis var anbefalinga at Aurland skulle meir enn halvvera bestandsstorleiken for hjort og elg. Frå og med 2020, og konkretisert i vedlagt brev frå Miljødirektoratet og Mattilsynet, er anbefalt tettleik av hjort og elg kring områda med smittefare definert til maks eitt hjortevilt pr km<sup>2</sup> skog og myr. For Aurland kommune vil dette utgjera ein vinterbestand av hjort på om lag 330 dyr, om ein legg teljande areal til grunn for berekinga. Bestanden av elg i Aurland er såpass liten at den truleg utgjer lite i denne samanhengen.

Omsøkt bestandsplan for hjort i perioden 2021-2023 legg opp til ein ytterlegare reduksjon i hjortebestanden i Aurland kommune. Verkemiddela som vert lagt til grunn er framleis 100% auka kvote i områda som grenser opp mot Nordfjella sone 1, i tillegg til at det er eit ønskje om å halda fram med følgjande insentiv:

-Frie løyve (alle kategoriar dyr kan fellast på alle løyve)

-Fri kalvekvote i tillegg til normal kvote

-Utvida jakttid frå 15. august – 23. desember pluss 1. januar – 31- januar

-Uttransport av slakt i regi av SNO kvar søndag ut oktober

## Vurdering

Aurland kommune bør ta råda frå sentrale styresmakter om smitteførebyggjande tiltak til følgje. Slik samarbeidet mellom jaktrettshavarane og kommunen har vore so langt, har dette latt seg gjera greitt innafor dei gjeldande måla frå 2011. Rådmannen meiner likevel at situasjonen med skrantesjuka er såpass premissleverande at det vil vera hensiktsmessig å revidera den kommunale målsetjinga slik at omsynet til skrantesjuka kjem eksplisitt fram i målsetjinga. Dette arbeidet bør startast opp i løpet av året. Siden problematikken med skrantesjuka pr no er regional, kan det vera lurt at arbeidet med kommunale mål kan samordnast med dei andre kommunane som er berørt av problematikken. I denne saka om godkjenning av ny bestandsplan for hjort, legg rådmannen til grunn trongen for ein låg tettleik av hjort.

Naturmangfoldlovas (NML) §§ 8-12 skal vurderast i saka. § 8 omhandlar kunnskapsgrunnlaget. Situasjonen med skrantesjuka i Noreg har vorte jobba mykje med på nasjonalt nivå. Fleire rapportar frå Vitenskapskomiteen for mat og miljø har vorte utarbeidd. Det er basert på desse rapportane at sentrale styresmakter har vurdert kva for verkemiddel som har vore aktuelle å iverksettja for å bekjempa skrantesjuka. Sjølv om det er mange ubesvarte spørsmål om sjukdommen, lyt kommunen sjå på oppdraget om bestandsreduksjon som godt fagleg begrunna. NML § 9 omhandlar «føre-var-prinsippet». Her heiter det «...*Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.*» Rådmannen vurderer det slik at i situasjonen med skrantesjuka vil det vera hensiktsmessig å heller redusera hjortebestanden for mykje, enn for lite. Smitteoverføring til hjort vil få store konsekvenser, både lokalt og potensielt også nasjonalt/internasjonalt. I og med at det er ein fare for at skrantesjuka kan smitte over på alle våre arter av hjortevilt, vil smittespreiing potensielt kunne få langsiktige alvorlege konsekvenser for store deler av økosystemet, jamfør NML § 10. Ei offensiv tilnærming til bekjempinga av sjukdommen vil truleg på lang sikt vera samfunnsmessig den mest fornuftige. Kostnaden lokalt i denne samanhengjen vil vera at me må leva med ein lågare bestand av hjort enn kva som elles hadde vore ønskjeleg i Aurland kommune, jamfør NML § 12.

Kor stor hjortebestanden i Aurland kommune er i dag er vanskjeleg å seia. Tradisjonelt har forvaltninga teke utgangspunkt i indeksar som beskriv endringar. Vert det meir hjort eller mindre hjort? I NINA-rapport 1667 og 1813 er bestandsstorleiken forsøkt modellert. Det er her også laga eit framlegg til anbefalt avskyting for å redusera bestanden. Fellingane i Aurland kommune har vore langt unna anbefalingane i desse rapportane. Til dømes var anbefalinga for felling i 2020 688 hjort, medan det i Aurland vart felt 291 hjort. Då var også målet definert som ei halvvering av 2016-nivået. No er målet definert som eitt hjortevilt pr km<sup>2</sup>, noko som truleg er lågare enn halve 2016-nivået. Uansett, dette er vrient å meina noko eksakt om. Målet lyt vera å jobba for at bestanden vert ytterlegare redusert.

Høg felling i 2017, med ein påfølgjande ekstrem vinterdødelegheit 2017/18 gjorde at bestanden i Aurland vart redusert. Kor mykje det var, er ikkje mogleg å seia, men

sett-hjort-tala, samt tilbakemeldingane frå jegerane, tyder på at reduksjonen var markert. I åra etter 2018 har sett-hjort-tala vore relativt stabile. Effekten av rekordfellinga i 2020 vil me fyrst sjå til hausten. Mykje hjort vart felt, og ikkje minst mange fleire koller enn normalt. Ei markert auke i innsatsen tyder også på at jegerstanden brukte mykje energi på å jakta, til tross for at mange allereie meiner at bestanden er mykje redusert. Dette tyder på at grunneigarsida jobbar for å redusera hjortebestanden. Sakshandsamar har likevel fått tilbakemeldingar frå grunneigarar som seier dei kunne ha felt meir hjort om dei hadde hatt fleire fellingsløyve. Det burde i desse åra vera nok løyve til alle valda. I organsieringa som bestandsplanområde er det rom for å flytta fellingsløyve mellom vald – og år, og rådmannen håper styret i bestandsplanområdet vil jobba for at denne moglegheiten vert meir brukt.

Omsøkt bestandsplan legg opp til ein årleg kvote på 384 fellingsløyve, totalt 1152 fellingsløyve i planperioden. I tillegg er det for sesongen 2021/22 fri kalvekvote. Planen legg til grunn frie løyve for så effektiv jakting som mogleg. Målet er å redusera bestanden frå 0,17 sett-hjort pr time i 2020 til 0,15 i slutten av planperioden. Det vert skreve i bestandsplanen at bruk av termiske hjelpemiddel under jaktutøvinga truleg påverkar denne indeksen, men då truleg i retning av at sett-hjort-indeksen vert «kunstig høg».

### **Tilråding:**

Rådmannen tilrår at Aurland kommune har som mål å jobba for ein låg bestandstettleik av hjort og elg. Rådmannen tilrår at omsøkt bestandsplan vert godkjend, men med ei presisering om at fellingsmålet for 2021 er 250 hjort.

Gjennomføring av denne planen krev nye dispensasjonar frå *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*; 1) Dispensasjon for at alle fellingsløyva er frie 2) Dispensasjon for at det skal vera fri kalvekvote også i 2022 og 2023. 3) Utvida jakttid også i sesongane 2022/23 og 2023/24. Desse dispensasjonane vil Aurland kommune søkja Miljødirektoratet om. Om ikkje søknadane vert innvilga, vil Aurland kommune doble kvotane også for dei valda som ikkje grenser mot Nordfjella sone 1.

### **Uprenta vedlegg til saka:**

#### **31.05.2021 Plan- og eigedomsutval**

Tilleggsforslag:

#### **Endringsframlegg frå Eldrid Kringeland Grønsberg:**

Endring av første kulepunkt: Fellingsmålet vert redusert til 200.

Elles samme tilråding som rådmann.

#### **Handsaming i møte:**

Sakshandsamar Knut Fredrik Øi var til stades og svara på spørsmål.

**Røysting:**

Endringsframlegget frå Eldrid K. Grønsberg: 4 røyster for (2 SP, 1 H, 1 AP) og 1 røyst mot (1 MDG)

**PEU-040/21 Vedtak:**

Aurland kommune vil jobba for ein låg bestandstettleik av hjort og elg, i tråd med oppfordringa frå Miljødirektoratet og Mattilsynet.

I medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16* godkjenner Aurland kommune omsøkt bestandsplan på vilkår.

Vilkår:

- Fellingsmålet er 200 hjort i 2021/22. Fellingsmål for 2022/23 og 2023/24 må konkretiseres i forkant av kvar jakt sesong.
- Aurland kommune søker om dispensasjon frå Miljødirektoratet på følgjande:
  - Alle fellingsløyva er fri på kjønn og kategori i planperioden.
  - Det er fri kvote på kalv i heile planperioden
  - Jakttida er utvida frå 15. august-31. august og 1. januar – 31. januar i heile planperioden
- Om ikkje søknadane om dispensasjon vert innvilga, vil Aurland kommune avvika minstearealet for alle valda i kommunen med 50% slik at teljande areal også for valda som ikkje grenser til Nordfjella sone 1 vert sett til 500 daa i planperioden.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlovas §§ 8-12.

**Vedlegg:**

Aurland Bestandsplanområde 2021 - 2023

Bestandsreduksjon av elg og hjort i Nordfjella og Hardangervidda jakt sesongen 2021/2022